



Vinje kommune

2. tertial 2007

A: Økonomirapport

B: Tertialrapport frå einingane

Rådmannen 08.01.2008
Sissel Jacobsen Bitustøyl
Jan Myrekrok

A. Økonomirapport 2. tertial 2007


Tabellar:

1. Driftsrekneskap pr. 31.08.07 med årsprognoser for 2007
2. Investeringsrekneskap pr. 31.08.07 med årsprognoser for 2007
3. Balanserekneskap for Vinje kommune pr. 31.08.07.

Kommentarar:

Driftsrekneskapet:

Skatteinntekten for dei ordinære inntektskattane ligg godt over fjorårets tal dei åtte første månadane i 2007. Det er til no kome inn 80,3 mill. kr. mot 68,1 for same periode i fjor. Dette utgjer ein auke på 17,9%, som i hovudsak kan tilskrивast etterskotspliktige skattyttarar frå månadsoppgjøret for februar. Budsjettert inngang av eigedomsskatt er elles nådd.



Netto finansinntekter har også ei tilfredstillande utvikling, der renteinntektene på grunn av VTK-lånet, betre innskotsvilkår og god likviditet aukar mykje.

Folketalet minskar med 10, til 3 684 innbyggjarar ved årsskiftet. Dette verkar inn på rammetilskotet, som reduserast. Samanstilt med konsekvensane av revidert nasjonalbudsjett ser ein at rammetilskotet vert kr. 1.915.000,- lågare enn ein la til grunn i årsbudsjettet. Skatteveksten gjer imidlertid til at frie inntekter samla sett ikkje vert lågare enn føreset.


Sjukeheimen, TDV (på brann/beredskap), Helse og sosial, Edland skule og heimetenestene har kommentert avvik/utfordringar når det gjeld økonomiske tilhøve ved drifta så langt i 2007.

Investeringsrekneskapet

TDV rapporterer at dei fleste prosjekt er i rute.

Likviditet

Likviditeten i kommunen har i 2. tertial vore langt betre enn i 2006. Ved utgangen av 2. tertial er kommunen sin likviditet på omlag 111,5 mill. kr., mot 49,8 mill. på tilsvarende tidspunkt i 2006 og 17,2 mill. kr. i 2005. Den betra likviditeten skuldast hovudsakleg at fleire prosjekt, både for i år og frå tidlegare år, ikkje er gjennomførte. God skatteinngang og driftsoverskot for 2006 verkar også inn. Budsjetterte låneopptak for 2006 og 2007 er gjennomførte. Ein er elles ikkje uroa for likviditeten i 2007.



BALANSEREKNESK. VINJE KOMMUNE PR. 31.8. 2007

(heile tusen) PR. 31.8.2007 PR. 31.8.2006

EIGENDELAR:

A. Anleggsmidlar 2.2.

Faste eigedomar og anlegg	kr	398 986	kr	387 290
Utstyr,maskinar og transp.midlar	kr	12 158	kr	12 291
Utlån	kr	12 916	kr	11 921
Aksjar og andelar	kr	44 203	kr	43 687
Pensjonsmidlar	kr	246 183	kr	225 806
Total anleggsmidlar	kr	714 446	kr	680 995

B. Omløpsmidlar 2.1.

Kortsiktige fordringar	kr	34 515	kr	33 799
Aksjar og andelar	kr	-		
Sertifikat	kr	-		
Premieavvik pensjonar	kr	7 276	kr	8 344
Kasse,postgiro og bankinnskot	kr	96 095	kr	57 528
Totalt omløpsmidlar	kr	137 886	kr	99 671

EIGENKAPITAL OG GJELD

PR. 31.8.2007

PR. 31.8.2006

C. Eigenkapital 2.5

Disposisjonsfond	kr	7 299	kr	4 516
Bundne driftsfond	kr	10 647	kr	10 541
Ubundne investeringsfond	kr	17 236	kr	2 495
Bundne investeringsfond	kr	136	kr	-
Rekneskapsm.meir/mindreforbr. invest.	kr	190	kr	4 041
Rekneskapsm.mindreforbruk drift	kr	17 268	kr	4 693
Rekneskapsmessig meirforbruk drift				
Likviditetsreserve	kr	2 254	kr	2 254
Kapitalkonto	kr	356 544	kr	347 404
Total eigenkapital	kr	411 574	kr	375 944

D. Gjeld

Langsiktig gjeld: 2.4

Ihendehavarobligasjonar

Pensjonsforpliktingar

Andre lån

kr	285 144	kr	262 893
kr	98 894	kr	74 501

Kortsiktig gjeld: 2.3

Kassakredittlån

Anna kortsiktig gjeld

Premieavvik

kr	20 568	kr	40 723
kr	3 212	kr	3 726

Total gjeld

kr	407 818	kr	381 843
-----------	----------------	-----------	----------------

Sum totalt

kr	852 332	kr	780 666	kr	819 392	kr	757 787
----	---------	----	---------	----	---------	----	---------

Differanse aktiva/pasiva pr 31.8.				kr 32 940 373,00			
Memoriakonti:				NETTO inntekt INVEST.PR.31.8.07			
Ubruka lånemidlar	kr	23 601	kr	3 268	kr 1 884 393,00		
Andre memoriakonti	kr	1 836	kr	536	NETT INNT. DRIFT PR.31.8.07		
Motkonto fro memoria	kr	-25 437	kr	-3 804	kr 31 055 980		
kr	-	kr	-	=	KR 32.940.373		

Hovudkonklusjonar

Tertialrapporteringa syner at dei fleste einingane har kontroll på økonomien. Fire av einingane har reelle vanskar med å halde rammene. Frie inntekter går førebels samla sett i balanse, og korrigert for endra forfallstidspunkt for etterskotspliktige, kan kommunen gå mot eit større overskot enn budsjettet opererer med.

Det er ikkje varsla store overskridingar på investeringsprosjekta i 2007. Men eitt prosjekt har for knapp ramme, noko som rekneskapssaka skisserer løysing på.

Driftsrekneskap pr. 31.08.07

	Rekneskap pr. 31.8.07	Andel av årsbudsjettet etter 2. tertial i		Årsprognose 2007	Årsbudsjett 2007	Avvik 2007
		2007	2006			
1 Skatt på formue og eige	-79 122	77,8 %	68,3 %	-103 762	-101 762	-2 000
2 Ordinært rammetilskot	-21 357	60,7 %	86,7 %	-33 293	-35 208	1 915
3 Skatt på eignedom	-48 529	100,1 %	100,0 %	-48 529	-48 500	-29
4 Andre direkte eller indirekte skattar	0	0,0 %	26,1 %	0	0	0
<i>Konsesjonsavgifter</i>				-21 500	-21 500	
<i>Konsesjonskraft</i>						
5 Andre generelle statstilskot ²	-94	6,1 %	63,2 %	-1 550	-1 550	0
<i>Tilskot til flyktningar</i>						
<i>Reform 97</i>						
<i>Psykiatritilskot</i>						
<i>Amortiseringstilskot, eldre</i>						
<i>Momskompensasjon</i>						
<i>Tilskot skulebygg</i>						
<i>Kompensasjon arbeidsgjevarabgift</i>						
<i>Andre tilskot</i>	0			0		
6 Sum frie disponible inntekter	-149 102	71,5 %	69,7 %	-208 634	-208 520	-114
7 Renteinntekter og utbyte	-4 318	104,6 %	73,6 %	-6 130	-4 130	-2 000
<i>Forsinkingsrenter</i>						0
<i>Renteinntekter</i>	-2 949			-4 730	-2 730	-2 000
<i>Utbyte frå selskap</i>	-1 369			-1 400	-1 400	0
8 Renteutgifter, provisjon o.a. finansutg.	1 368	32,7 %	21,2 %	4 178	4 178	0
<i>Tap på krav</i>						0
<i>Renteutgifter på lån</i>	1 368			4 178	4 178	0
<i>Kurstap/kursgevinst</i>				0	0	0
9 Avdrag på lån	2 436	55,2 %	60,8 %	4 415	4 415	0
				0	0	0
<i>Avdragsutgift på lån</i>	2 436			4 415	4 415	0
10 Netto finansinntekter/utgifter	-514	-11,5 %	22,0 %	2 463	4 463	-2 000
11 Til dekking av tidl. års rekneskapsmessige meirforbruk	0			0	0	0
12 Til ubundne avsetjingar	0			1 555	1 555	0
13 Til bundne avsetjingar ¹	0	0,0 %	0,0 %	21 500	21 500	0
<i>Avsetjing til konsesjonsavgiftsfond</i>	0		0	21 500	21 500	0
<i>Avsetjing til næringsfond</i>	0			0	0	0
<i>Andre bundne avsetjingar</i>	0					
14 Bruk av tidl. års reknesk.messige mindreforbruk	0			-17 267	-17 267	0
15 Bruk av ubundne avsetjingar						0
16 Bruk av bundne avsetjingar		0,0 %	0,0 %	-3 807	-3 807	0
<i>Bruk av konsesjonsavgifter i drift</i>	0				0	0
17 Netto avsetjingar	0	0,0 %	0,0 %	1 981	1 981	0
18 Overført til investeringsrekneskapen	45			10 430	10 430	0
19 Til fordeling drift	-149 571			-193 760	-191 646	-2 114
20 Sum fordelt til drift	118 515	68,0 %	72,0 %		174 379	-174 379
21 Meirforbruk/mindreforbruk	-31 056			-193 760	-17 267	-176 493

Investeringsoversikt pr. 31.8.2007

Side 1

Prosjekt		Vedteke kostnads- ramme pr.2007	Løyvingar 2007	Invest totalt pr.31.12.06	Invest 2007 pr. 31.8.	Investera totalt pr.31.8.07	Gjenstår av løyving
Namn:	ÅR						
Kyrkjegardar	2007	460000	460000		460 000	460 000	0
Utstyr reinhald							0
ØK kartverk	2007						0
Kommunehus Åmot	frå 06	2194000		2 115 226	17 699	2 132 925	61 075
Kommunehus heis	frå 07	1500000	1500000		77 495	77 495	1 422 505
Rauland skule							
Åmot skule	frå 05	2650000		79 485		79 485	2 570 515
Edland skule utear.	frå 06	200000		128 916	71 084	200 000	0
Rauland småskule	frå 06	4029000		2 766 620	889 555	3 656 175	372 825
Edland barnehage	frå 06	3960000	1420000	1 107 033	2 735 327	3 842 360	117 640
Hakkespetta parkering	frå 06	400000		375 618		375 618	24 382
Hakkespetta ny avd.	frå 07	6400000	6400000		40 000	40 000	6 360 000
Vinje oppvekst gjerde	frå 07	200000	200000			0	200 000
Rauland bhg uteområde	frå 07	200000	200000			0	200 000
Edland bhg uteområde	frå 07	200000	200000			0	200 000
Rauland omsorgssenter	frå 04	3800000		3 497 202	119 488	3 616 690	183 310
Vinje omsorg ombygg.	frå 05	182000		0	48 863	48 863	133 137
Rauland oms. uteomr.	frå 06	1200000		19 825	14 466	34 291	1 165 709
Brannsikring trygdebust.	frå 07	2000000	2000000		15 394	15 394	1 984 606
Psykiatribustadar	frå 07	200000	200000		10 000	10 000	190 000
Opprusting bygg	frå 05	1928000		1 937 683	136 258	2 073 941	-145 941
Raulandshuset	frå 02	18860000		18 482 027	363 231	18 845258	14 742
Raulandshuset 2/3 byggesteg	frå 07	5000000	5000000		563 128	563 128	4 436 872
Vinjehuset avfukt.anlegg	frå 07	480000	480000		59 798	59 798	420 202
Vinjehuset nytt amfi	frå 07	1000000	1000000		329 208	329 208	670 792
Myllarheimen restaur.	frå 07	100000	100000			0	100 000
Vinjar opprusting	frå 06	1194000	900000	0	129 885	129 885	1 064 115
Toppdekke skiarena	frå 05	400000		213 786		213 786	186 214
Dyre Vaa bygget	frå 06	1700000		0		0	1 700 000
VA Hotellet/Torvetjønn	frå 05	97000		99 960		99 960	-2 960
VA 12 delprosjekt	frå 05	2693000	900000	1 362 803	772 050	2 134 853	558 147
VA Austbø/Bjålidmogen	frå 03	1500000		1 368 642		1 368 642	131 358
Ledningsnett	frå 05	200000		158 500	42 898	201 398	-1 398
Hovdestadmogen	frå 05	2000000	1000000	374 565	4 628	379 193	1 620 807
Såtehov utjamn.basseng	frå 05	4500000		4 303 316		4 303 316	196 684
Avløpsledn. Austbø	frå 06	400000		339 497		339 497	60 503
Små avløpsanl.	frå 06	600000	300000	29 361		29 361	570 639
Vågsliid renseanlegg	frå 07	3000000	3000000		93 505	93 505	2 906 495
Trykkaukesatsj.Haukelid	frå 07	600000	600000			0	600 000
Tørestasjon bubilar Rauland	frå 07	250000	250000		95 648	95 648	154 352
Tørestasjon bubilar Haukelid	frå 07	150000	150000		95 648	95 648	54 352
Oksatjønn høgdebasseng	frå 06	4695000	4200000	495 000	1 214 817	1 709 817	2 985 183
Vatn/avlauvsplan	frå 07	600000	600000		9 476	9 476	590 524
Rauland renseanlegg	frå 07	20000000	20000000		171 860	171 860	19 828 140
Avløpsledn. Hadland/Raul.	frå 06	3800000		638 568	2 376 242	3 014 810	785 190
VA Harkjelstaulli	frå 07	5000000	5000000			0	5 000 000
VA Mobø/Steinbakken	frå 07	1500000	1500000			0	1 500 000

Investeringsoversikt pr. 31.8.2007

Side 2

Prosjekt		Vedteke kostnads- ramme pr.2007	Løyvingar 2007	Invest totalt pr.31.12.06	Invest 2007 pr. 31.8.	Investera totalt pr.31.8.07	Gjenstår av løyving
Avsett anleggbidrag avløp	2007	1100000	11000000			0	1 100 000
Avsett anleggbidrag vatn	2007	5500000	5500000			0	5 500 000
VA skitunet	frå 06	5500000		0	5 500 000	0	5 500 000
Kommunale vegar	frå 07	4500000	4500000			0	4 500 000
Asfaltering	frå 05	1667000		1 569 636	484 846	2 054 482	-387 482
G/S vegar	frå 06	500000		20 519	3 200	23 719	476 281
Bruer	frå 06	1000000	500000	112 672	13 287	125 959	874 041
Bustadområde	frå 06	500000		151 706		151 706	348 294
Såtehov bustadfelt	frå 06	4500000		3 835 000	77 718	3 912 718	587 282
Rassikring Bratlandsfeltet	frå 06	7000000	7000000	162 746	5 187 215	5 349 961	1 650 039
Ombygging Ne Mek bygget	2007				446 228	446 228	-446 228
Industri/næringsområde	frå 05	500000		177 626	380 903	558 529	-58 529
Maskinplan	2007	600000	600000		867 449	867 449	-267 449
Tankbil brann	2007	600000	600000		572 556	572 556	27 444
Tetstadutvikling Rauland	frå 05	3396649	1000000	3 891 922	184 680	4 076 602	-679 953
Tettstadutvikling Åmot	frå 07	500000	500000			0	500 000
Hytte Glaimane	frå 06	300000		220 253	75 596	295 849	4 151
		136 789 000	88 760 000	38 730 704	24 751 329	69 287 042	80 398 607

B. Rapport 2. tertial 2007 frå einingane

Her følgjer ei oppsummering av einingane sine rapportar for 2. tertial 2007. Det vert rapportert på avvik frå verksemdsplanane med rapportering på 4 dimensjonar:

1. **Måloppnåing:**
 - i høve til overordna prioriteringar og mål, satsingsområde og kvalitet
2. **Økonomi**
 - om økonomiske og personalmessige ressursar vert nytta som føresett
 - om budsjettramma vil halde
 - om det er nødvendig å setje i verk spesielle tiltak for å halde tildelt budsjettramme
3. **Personal**
 - om tilhøve knytt til psykososialt miljø, kompetanseutvikling, sjukefråver og HMS/fysisk miljø.
4. **Andre tilhøve**
 - nye utfordringar og utvikling i høve til handlingsplan for dei neste 4 åra.

1. Måloppnåing

Vinje helse- og sosial

Grunna sentralt framforhandla tariffavtale mellom Den norske legeforeininga og Kommunanes Sentralforbund har legane no fri med løn dagen etter ein legevakt. Dette gjer at legekontora er stengde meir enn ynskjeleg.

Teknisk drift – og vedlikehald

Har hatt vanskar med å få utført så mykje vedlikehald på bygg som ynskt. Grunnen er vanskar med å få tak i målarar.

Økonomi, plan og utvikling (ØPU)

Grunna permisjon har ein lågare kapasitet innan planhandsaming.

2. Økonomi

Seks einingar melder om bekymring for økonomien dette året.

Vinje heimetenester

Ein reknar med overskridingar på ramma på grunn av ekstratiltak i høve til nye brukarar og brukarar som treng mykje ressursar. Det har og vore nytta meir overtid i 2 avdelingar grunna vanskar med å få vikarar.

Vinje sjukeheim

hadde store problem med å dekkje opp med vikarar i sumar og har måtta nytte ein del forskuva arbeidstid. Det meldast difor om bekymring for lønsbudsjettet.

Vinje helse og sosial

Mange avtalefesta legepermisjonar gjer at 2007 blir eit dyrt driftsår. Overskotet frå 04/05 var tenkt nytta til disse permisjonane, men har i staden gått til å dekkje underskot i sosial og barnevern. Nye sentrale avtalefesta fridagar, med løn etter legevakt, gjer at ein vil få ein varig reduksjon i inntekta til eininga.

Edland skule

er noko utrygg på regnskapet sitt, då den nye arbeidstidsavtale for lærarane ikkje er kompensert i 2007 budsjettet.

Vinje oppvekstsenter

Av same grunn som Edland skule er dei usikre på om ramma held. Dei har nytta eigne midlar til utbetring av leikeområde og set i gang med nytt golvbelegg i barnehagen.


Teknisk drift og vedlikehald (TDV)

Som rapportert tidlegare er budsjettet til brann/beredskap for lite. Dette har samband med talet på utrykkingar som er dobla det seiste året. Dei har hatt ein gjennomgang av avtaleverket og utrykkingar og ber om å få budsjettet justert i samband med budsjetthandsaminga i haust.

Prisen på material og arbeidskraft innan byggjebransjen er stor, og får konsekvensar for prisen på alle utbyggingane som er planlagt.

3. Personal

Sjukefråveret har auka i 2. tertial 2007. Det meldes om ein del langtidsjukemeldingar. Alle einingane har tett samarbeid med bedriftshelsetenesta når det gjeld oppfølging av sjukemelde.



Teknisk drift og vedlikehald

Det er stort arbeidspress i eininga i samband med nyinvesteringar og utbyggingar både innan kommunale bygg og fritidseigedomar. Sidan i sumar har det vore redusert bemanning i administrasjonen, men som vil løyse seg etter nyttår. Den store aktiviteten gjer at ein ynskjer å sikre kompetansen i eininga med ein fast heimel for å handtere prosjekt.

4. Andre tilhøve

Sjukeheimen

Sjukeheimen merkar at det ikkje er alternative butilbod for eldre med omsorgsbehov i Ytre Vinje, men som ikkje har behov for sjukeheimsplass. Det er i dag ein del søknader til sjukeheimsplassar som kunne ha vore løyst på andre nivå. Omsorgbustader i Åmot er viktig å prioritere framover.

Øyfjell oppvekstsenter

Det er behov for opprustning av barnehagen framover.

Vinje helse

melder at ein bør starte ein prosess med å sjå på endring av noverande legeavtaler – mot ei privatisering.

Organisasjon, arkiv og IKT (OAI)

treng nytt kaldt serverrom i kjellaren.